

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Foldereid

Emne: Bordskikk til kvardags.

Bygdelag:

Oppskr. av: P. Jæger-Leirvik

Gard:

(adresse): Sjølstad

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Dette er oppskrive etter eiga røynsle og slik som eg høyrde det av foreldra mine, f. 1858 og 1861, og dei av sine foreldre,- dertil samanhalde med opplysningar frå nolevande gamle folk i bygda

-----

1. Det har, så langt attigjennom tida ein veit om, vore skikk her i bygda å sitje ved bordet til alle måltider dersom ein arbeide i eller så nær ved garden at/ ein kunne gå heim til måls. Berre legds-  
kjerringa og legdekallen kunne gå maten i omnskråa når det var for fullt ved bordet, eller at dei sjølve helst ville sitje der dei sat.
2. Heile huslyden sat ved same bord. Og dette er vanleg skikk enno.
3. Alle et samtidig, så sant det er råd.
4. No som før er det same maten både til husbonds-  
folk og tenarskap.
5. I gamal tid, medan det var små kjøken, åt dei alltid i stova. Men sidan det vart vanleg med større kjøken, er det vanleg å eta der til kvardags.
6. I stova et dei høgtidsdagane og når det er framande som ein gjerne vil gjera stas på. Men da og et tenarane til vanleg ilag med dei andre. Berre

8441

8441

ved større selskap, når tenarane er opptekne med servering o.l., kan desse eta på kjøkenet. Men også da er det ikkje uvanleg at tenarskapet et på stova etter dei andre.

7. Alle hadde - og har - til vanleg sine faste plassar ved bordet. Matbordet her i bygda har heilt til siste tid vore "klaffbord" med eine klaffen vendt mot glaset og skuva inntil veggen, dersom dette gav bordplass nok. Husbonden sat øvst på den sida som vende lengst frå inngangsdøra, og dette var jamt på venstre sida av bordet slik, at han fekk venstre sida mot glaset. Husmora sat/<sup>da</sup>på høgre sida åt husbonden, borna frå høgre sida åt mora etter alderen med den yngste nærast henne. Midt imot husbonden sat anten eldstø sonen om han var vaksen, eller gardskaren, - den eldste dersom det var fleire - og vidare ved denne bordsida anna mannleg leigefolk. Te- nestgjenta (gjentene) sat ved nedste ~~vordenden~~.

8. Frå gamalt stod alltid borna ved bordet frå dei var så gamle at dei kunne eta utan hjelp, til dei vart konfirmerte. Denne skikken vart det smått om senn slutt med kring siste hundradårsskiftet.

9. "Högsetet" har, det ein veit, ikkje vore namnet på heidersplassen ved bordet her. Dei sa berre "øgst me' borde". Denne plassen var heller ikkje serskilt markert på nokon måte.

10. I dei moderne innreidde stovene (med spisestove) er heiresplassen for enden av bordet lengst frå døra åt kjøkenet.

11. Mannfolka vaska ikkje hendene før dei gjekk åt bordet utan når dei heldt på med eit arbeid som gjorde at hendene var synleg skitne. Det er

berre 20-30 år sidan det vart vanleg å vaske hendene før ein gjekk åt bordet, og det finst enno dei som ikkje gjer det til vanleg. - Det er eldgamal skikk her å ta av seg huva før ein går åt bordet, og elles alltid ved måltid, sjölv om det er ute på marka eller i skogen. Dei gjorde det vel i vyrdnad for maten. Slik vart det i alle høve sagt til borna for 60-70 år sidan, da dei fleste galme skikkar enno råddø. Til borna sa dei og, at dei ikkje kom til å vekse fordi maten gjekk åt huva dersom dei hadde ho på når dei åt.

12. Graut og supe åt alle av same fatet til i 1880-90-åra. Men mjölka attåt grauten hadde dei kvar for seg i "komma" (spelkummar). Før det vart kummar av steinty å få kjøpt, brukte dei små gropkrusskåler, og før den tid treskåler. Om mjölka nokor tid har vore ete av felles fat her, er dei ingen som veit. Det same galdt for både söt mjölk og tettemjök, som frå gamalt var mykje brukt her. All annan mat fekk dei i kvar sine koppar så langt koppar var nödvendig, så langt attigjennom tida som vi no har greie på det. Gamalt dekkty som finst på gardane, sannar dette til eit par hundrad år attende. - Det var vanleg å ta graut i skeia og dyppe i mjölkekoppen når dei åt.- Til den siste tid har det vore vanleg med mjölkekummar til graut, men no held ~~vanleg~~ mjölkeglas så og fortrengjer kummane. Dermed har ein og teke til å drikke mjölka attåt grauten. Å slå mjölka over grauten, er lite brukt her. - At kvar hadde sine eigne mjölkekoppar, er mykje eldre enn kaffidrikkinga, som kom hit til bygda i 1840.

13. Det har ikkje her, som some andre stader, vore skikk å setje gryta på bordet, men det vart derimot steikpanna med steikt kjøtt og flesk, oppsteikt graut, myssmörduppe o.l. Dei sette panna på ein "pannreng" (pannering). Dette var ein rund ring, anten av jarn eller messing og gjerne med fire låge fotar under. Panneringen var ofte forseggjort med inngravne ornament eller innfila prifilar. Det vart også brukt panneringar som var laga av ei mengd små treknottar, smetta inni kvarandre. Varme rettar utanom ~~kjøtt~~ steikt kjøtt og flesk vart servert på ymse måtar. Kokt kjøtt og flesk vart i gamal tid skifta, utlagt på flatbröd. Slik var det til kring 1880. "Sådd" (ferskt kjøtt og potet m.v. i kraftsuppe), sildgryn og kjøttgryn vart servert på fat eller tallerken til kvar einskild som no. Varm blodpølse vart servert på eitt fat, som kvar fekk forsyne seg av som ein ville. Fisk og sild vart servert på same måten. Slik var det før kring 100 år sidan, og truleg lenge før den tid.

14. Sild og fisk var det vanleg å leggje millom flatbrödstykkja når dei åt. Dette kalla dei "å gjera bætta". Dei braut til hövelege brödbitar 8-10 cm. i kvar kant, la gjerne 2-3 slike oppå kvarandre, la sild eller fisk oppå, dei siste 70-80 åra også ei skive potet, og så eit par brödbitar att, -så var "bættan" ferdig. Hadde dei salt sild i "bættan", kokt eller spike, var "bættan" som her omtala. Var det fersk sild likeins, men da stakk dei bættan i sildfeita som flaut oppå søet i fatet. Dette kalla dei å "bröa". Var det fersk fisk, la dei lever og myssmör på brödet under fisken, og var det salt fisk,

smurde dei smör på brödet under fisken dersom dei tykte ha råd til det. Skikken med å eta fersk sild og fisk utan potet hang i lenger - heilt til kring hundradårsskiftet - enn når det var salt sild og fisk. Spikesild vart også ete lenger utan potet enn kokt sild.

15-16. Kaffidriking. Det har vore - og er framleis - rekna som god bordskikk å ta sukkerbiten i munnen og drikke kaffi attåt. Derimot har det dei siste 30-40 åra ikkje vere rekna for god bordskikk å drikke kaffi av skåla. Til kring siste hundradårsskiftet var det vanleg, at eldre folk rekna det for knipent dersom det ikkje vart skjenkt så mykje kaffi i koppen at det rann på skåla. Det vi no rekna for full kaffikopp, rekna dei for berre halv.

17. Gaffel kom i bruk ved høgtid og vertskap kring 1870. Men til kvardags vart det ikkje brukt gaffel før kring 1900. Den første tida at nokon spurde etter gaffel til kvardags, kunne dei få til svar at dei fekk bruke "femklogaffeln" (fingrane).

18. Det er ikkje kjent at tollekniven vart brukt ved bordet, men some <sup>mannfolk hadde</sup> ~~mannfolk hadde~~ fallkniv dei brukte som bordkniv. Denne vart aldri vaska, men tørka på buksa etter kvart måltid og göymt i bukselomma. Elles brukte både karar og kvinnfolk bordkniv, ofte heimlaga.

19. Kvar hadde si skei, treskei eller hornskei, til det i 1870-80 åra kom blikkskei i handelen. Men blikkskeiene vart aldri populære, så hornskeiene var dei vanlege til fram imot hundradårsskiftet, da folk tok til å kjøpe skei av "alpakka". Til høgtid og framande vart det brukt sylvskei så langt

dei strakk til. Treskeiene og sylvskeiene vart vaska ska, men ikkje hornskeiene, fordi dei ikkje tålde varmt vatn,- dei vart berre tørka av med kopptua, og mange eigarar slapp dei ikke så langt heller.

20. Dei første steintytallikkar kom tidleg i bruk til høgtid og vertskap. Her finst i bygda enno slike tallikkar sidan kring 1840. Men så tidleg vart var det berre dei meir velstående som hadde tallikkar av steinty. Det var tretallikkar som var det vanlege til kvardags, og dei var vanleg i bruk til fisk og sild til i 1890-åra, some stader enda lenger, i kvart fall til spikesild. Gropkrus-skålene löyste av treskålene til kvardags så nær som til mjölkemat. Og til tektmjölk har treskålene heldt seg til dei siste åra. Krusty var ikkje nemnande brukt til kvardags för i 1870-åra.

21.-22. Bordduk vart ikkje brukt til kvardags för kring 1900, og i mange heimar först eit tjugeår seinare. Det vart etter kvart vanleg å bruke voksdruk på kvardagsbordet, men lenge tok dei han av når dei skulle eta. No ligg han på også mellom måltidene. Kvit tyduk blir framleis ikkje brukt på kvardagsbordet. Frå gamalt var kvardagsbordet kvitskura, men frå kring 1900 vart det etter kvart vanleg å måla det.

23. Til kring 1890 var det vanleg å skifte ymse slag mat. Det kalla dei å "skift" maten. Det som lengst vart skifta var koka kjøtt og flesk, men tidlegare vart all slag bröd, smör og ost skifta. Sild og fisk vart aldri skifta, vel fordi det var god tilgang på dette her i fjordbygda. Smör og ost gjekk först ut av skiftinga. Lengst heldt det

seg med skifting av ymse julemat som syrupskake med rosiner, vaflar og lefse og gomme (eit lokalt osteslag). Det vara i einskilde heimar heilt til i 1920-åra. Born og ungdomar som fekk meir enn dei vann å eta opp, göymde det i "julbomma". (Men meir om dette under juleskikkar)

24.-25. Når husmora skifta maten, skulle karane ha meir enn kvinnone. Born skulle i alle høve ha så dei vart mette, så sant det ikkje var matnaud i huset. Men i heimar der det var lite om maten, freista husmora å skifte så godt ho kunne, og heldt da handa med borna, om ingen fekk bli mette av skifta mat. "Törmaten", d.v.s. all slag brödmatt, var det få stader dei fekk eta seg mette av til kvardags. "Å eta seg mett tå törmat e' overdåd," sa ei gamal mann som var född i 1817. - Som oftast vart maten skifta för folket sette seg åt bordet, men gjekk skiftinga for seg etterpå, fekk husfaren först, og sidan gjekk det etter alderen med borna sist.

26. Det er ingen regel for når born skal eta utan hjelp og når dei skal få forsyne seg sjölve. Det kjem også noko an på kva slag mat det er, kor fram-tökt barnet er og kor mange born der er i heimen. Det vanlege er, at mora eller eldre systken hjel-per dei minste borna. Slik har det visst alltid vore.

27. Det var vanleg at mora tygde maten til småborn. Dette vart det ~~et~~ etter kvart slutt med for kring 50 år sidan.

28. Ved högtidsmåltid (jul, påske og pinse) var det frå gammalt vanleg at husfaren las högt ei bordbön

för og etter maten. No er det meir vanleg at det ved slike høve - og ved selskapsbord - blir sunge istaden. Dette skifte er kome litt om senn dei siste 20-30 åra. Til kvardags har det ikkje vore skikk at husfaren eller nokon annan vaksen har lese bordbön högt, men det har vore - og er - i mange heimar vanleg för og etter maten å ta ihop hendene og senke hovudet, utan at nokon kan seie om det er ei stille bön eller berre eit tradisjonsbunde synleg teikn på vyrndad for maten. Det har vore vanleg, og er det framleis, at borna, så tidleg d leg det er råd, blir lærd bordböner, som dei les för og etter maten medan dei vaksne tek ihop hendene. Der det er fleire born så store, plar dei skiftast om å lesa bordbön. Det plar ikkje vera nokon nokon skilnad om det er framande ved bordet. Men det ser ut som det går i den leid, at både den opne og den löynde bordböna fell bort der det ikkje er eit vedkjent kristent livssyn som rår i heimen.

29. Så langt attende som ein veit, har det vore vanleg, at vaksne snakka ved bordet. Og ein veit ikkje det har vore nokon fast skikk at husbonden förde ordet, enda det i mange høve har falle naturleg at han gjorde det. Men til for 50-60 år sidan var det rekna for uhövvisk at born fekk lov å snakke ved bordet. Dette tykkjest og å vera glidd ut etter kvart.

30. Ein veit heller ikkje at det har vore rekna for upassande å læ ved bordet, tvertimot har det visst lenge vore vanleg med lett og lentug prat under måltidet. Men rå prat og bannskap ved bordet har ikkje vore tåld i heimar som ville ha no-



kon vyrdnad. Munnhald om dette veit ein ikkje om. 31. Frå gamalt skulle det ikkje syngjast ved bordet. Og til for kring 50 år sidan vart born alltid åtsnakka dersom dei nynna og song ved bordet. Munnhald om dette finst heller ikkje.

32. Det har vore rekna for "god tone" å vente med å gå frå bordet før alle var ferdige. Men laut ein bryte laget, var det vanleg å be om orsaking. Undantak var det for husmora eller andre kvinnor som hadde med servering å gjera.

33. Til kvardags har det ikkje vore vanleg å takke for maten. Men etter høgtidsmåltid har dette vore vanleg. Det har høyrd med til den meir høgtidsame omgangstønen som har fylgd høgtidene.

34. Når framande kom inn under måltid, sa - og seier - dei alltid "velsegn maten" eller "velsegn spis".

35-37. Det har visst aldri vore fast skikk å be framande, som kom under måltidet, å setje seg til bords. Kvardagsmat var ikkje "fin nok" for framande. Men det vart alltid stelt mat til framande som kom, og da gjerne litt ekstra, i alle høve ved oppdekkinga. I seinare tid er det vorte meir vanleg at den framande fekk setje seg til bordet ilag med huslyden når han kjem under måltid, - som oftast også om han kjem nyst før. Berre langvegsfarande og meir høgyrde gjestar får serskiild oppdekking i stova. Det har alltid vore skikk å stelle mat til framande som kom. Frå gamalt og til for 50-60 år sidan var det vanleg å by mjølk å framande med det same dei kom, og sidan mat så fort det let seg gjera. No er det istaden kaffi, og mat dersom dei blir verande til over vanleg måltid.

38. Der det fer mykje tilfeldige framande, blir det ikkje skjenkt kaffi åt alle. Og det er ikkje rekna for godt stell at kaffikjelen står på heile dagen. Dei kokar ny kaffi til framande, sjölv om dei ikkje alltid tek dette så grannt til huslyden.

39. Framande, som det blir oppdekt til i stova, fekk för alltid eta åleine, og slik er det stort set enno, dersom det ikkje höver med måltid. Men da et gjerne husfaren saman med den framande.

40. Frå gamalt var det rekna for god skikk at gjesten let seg "nö" til å forsyne seg. No held dette meir på å koma bort.

41. Når gjesten sat åleine og åt, kunne det hende at ein av huslyden slo seg ned i stova og prata med den framande, men nokon fast skikk var ikkje dette. Han eller ho, som heldt den framande med selskap på denne måten, sette seg da slik at det fall naturleg å före samtalen, men aldri innved bordet, - helst eit stykkje ifrå. Born måtte aldri få gå bortåt bordet der den framande sat og åt.